

## Meir opprydding må til på Børnes

14.10.2008



Ein gamal båt og sekker med tau bør bort. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kommunen med Jarle Fossheim i spissen har teke initiativ til ei storopprydding på Børnes Industriområde. Dei har motivert grunneigarane til å ta eit tak med eigedommane sine, og det har mange gjort grundig. Og endå meir kjem å verta gjort, og helst av alle; Fleire store lass er køyrt bort og nye lass ventar.**



Sandsiloen bør bort (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fossheim er også oppteken av kaien i tilknytning til industriområdet. Der er det plassert ein del ting som ikkje høyrer heime der. Det må bort, i følgje Fossheim.



Trehun-haugen bør bort. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Han vil gjerne ha bort sandsiloen, ein gammal øydelagt båt, mange store flyteblåser og store sekker med tau og jernstenger og ein del trehun. Noko av dette kjenner kommunen eigarar til, og dei som føler eigartilhøve til noko

av dette, bør følgja oppmodinga og snakka med kommunen.

Ein del veit kommunen ikkje kven som eig, men det bør bort likevel. Fossheim oppmodar uskedelingar og/eller andre som har kjennskap til eigarskapet av noko av skrapet på kaien, til å melda frå slik at det kan fjernast.

Mål: Gjera Børnes finare og meir attraktivt for dei som held til der og eventuell nye industrifolk som skal etablera seg der etter kvart!!

Av Torfinn Myklebust